Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8. Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Voss

Emne: Beit Bygdelag: ~~Bo~~ Bygdalen

Oppskr. av: Olav Rognebakke Gard: Liene

(adresse): Reppen pr. Voss G.nr. 202 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja det meste.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Beit var jamleg i bruk fram til 1920-åra. Av og til kan det enno verta bruka når det høver å køyra heim noko av det finaste kvisten dei får når dei høgg ved om vinteren. Beit er her rekna berre av bjørk. Elles hender det og hender av og til enno at smale og geiter får „i buska med fùnbaå" eller i „sprakabuska" (rise) som ein hengjer på grinda til „stekken". Om våren kan ein enno om det er knipe med høy, ta inn raudelauv og seljelauv, og likeins almelauv og almebork til kyrne. Ordet brom kjenner ein ikkje her.

Om sommaren, millom onnene, „skar ein lauv" på alle gardar, og enno gjer somme det. Ein skjer toppane av bjørk, selja, raun, alm, aske o.a. og „kjervar det", bind det saman med ein „bendidl." til lauskjerv pl. -kjerv.

Ein „piler" treet. Då høgg ein treet av ovanfor dei nedste greinene og likeins desse greinene. Ask og alm vart sålis stadigt pilla før. Dei som hadde nytgi av desse treslag på bøen, hadde eit godt tillegg til foret.

2855

2855

Ein snakka om eit beitaknippe. Det var eit passeleg fang med „bendidl" om. „Bendidl" var då berre ein god og seig kvist av beita.

2. Ein snakka om å risa tilskogs og beita, eller på beiting, om sumaren på lau(v)ing

Ein bruka før ein serskilt vedasleda med horn både bak og fromme.

3. Ein henta beit heim om vinteren og om våren. Ein tok trea heim med beita på og riste av heime i tunet.

Lauvskjer tok ein om sumaren og tidleg på hausten.

4. Ein nytta lauvsigd før. Bestemor mi, død 1924, ville ikkje ha anna reidskap. Lauvsigden var mykje mindre enn ein vanleg sigd. Ein skar beit og ris med den.

Seinare har ein gått over til å bruka berre „snidl", større og mindre. 

5. Sauer, geit, kyr og hest.

Ei herming frå Vossestrand: Hesten kumra: Hå-hå-hå - Synva gje meg beit!

Sauene fekk fôrebar og sprake. Enno er det i bruk å hengja ei buska på grinda, så dei får plukka av boret. Dei „barde" frosen sprake ute i tunet så nålene datt av. Dei rekna dette for sers kraftig kost.

Beista fekk ikkje dette fôret blanda med anna fôr.

2855

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6. Før hadde ein alltid på etterviteren og våren ein beitakost utanfor løa. Det var ikkje vanleg å lata beista gå i beitakosten.

7. Nei.

Beit av mork (osp, rogn og hegg) kalla ein brot n. -et
beit - a.
eit lauskjerr - fleire lauskjørr.

Til vinterbeit er bruka vanleg berre bjørk.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING